

Landssvikoppgjøret

– ei oppsummering for Gudbrandsdalen

KRONIKK

Når Iver Forseth i Årbok for Gudbrandsdalen 1995 skriv om «Landssvikoppjøret – ei oppsummering for Gudbrandsdalen», går han i stor grad utanom det emnet han sjølv har sett opp. Artikkelen hans er noe meir enn ei oppsummering. Han dreg inn forhold som har med heile landssvikoppjøret å gjere – det rettslege grunnlaget for det – og på punktet dette er opplysningane hans – bevisst, ubevisst eller mangel på kunnskapar – unøyaktige og mangelfulle. Det er ikkje det som Forseth skriv, som i og for seg er feil, men innvendingane mine går meir på det han ikkje skriv, det han utelet. Og det er her eg spør meg sjølv: Er dette gjort bevisst eller ubevisst?

«Provisoriske anordninger».

Regjeringa Nygårdsvold vedtok fleire «provisoriske anordninger» under opphaldet i London. Den viktigaste av desse er den såkalla «Landssvikanord-

ninga» og som vart vedtatt 15. desember 1944, og som innheld dei viktigaste retningslinjene for korleis ein skulle dømme NS-folk etter krigen. Medlemskap i NS og fleire andre spesifiserte forhold vart gjort straffbare, og som Forseth heilt rett opplyser om, anordninga hadde tilbakeverkande kraft. Det han derimot ikkje seier noe om, er at dette strit mot paragraf 97 i Grunnlova, der det står: «Ingen lov må gis tilbakevirkende kraft». Trass i dette vart fleirtalet av NS-medlemmer dømt etter denne anordninga.

Forseth skriv at dei «provisoriske anordningene» «i det store og heile vart godkjende av Stortinget etter krigen». For å seie det svært mildt, Forseth, er dette på grensa av sanninga. I så måte vil eg oppfordre deg til å studere den tilrådinga som justiskomiteen i Stortinget la fram om «landssvikanordninga» 29. september 1946. Eg kunne ha lyst til å sitere mye frå denne tilrådinga, men plassen tillet ikkje det. Likevel tar eg med eit par sitat.

– I formen er dette lovgivning. I realiteten er det meget mer en dommevirksomhet.

I et samfunn som vårt, der selve grunnloven slår fast, at ingen lov må gis tilbakevirkende kraft, kunne det ligge nær å spørre om der i det hele tatt er anledning til å gi noen lov – med annet innhold enn amnestibestemmelser.

Nevnden mener at når det gjelder de materiellrettslige ansvars- og straffebestemmelser, hadde lovverket fra før krigen vært et vel brukbart og fullt tjenlig grunnlag for rettsoppjøret.

Justiskomiteen ville helst ikkje hatt noen Landssviklov, men ville helst bygge på norsk lov frå før krigen. Men «landssvikanordninga» hadde alt vore i



Den nye årboka for Gudbrandsdalen med redaktørene Iver Forseth til venstre og Arvid Ødegaard. (GLT arkiv).

bruk i 13/4 år, og det var vel grunnen til at Landssviklova med store endringar vart vedtatt av Stortinget 17/6-47.

Ikkje kunngjort

Alle lover og anordninger skal kunngjerast etter bestemte reglar. Forseth skriv «at ikkje alle «provisoriske anordninger» vart kunngjorde i Norge, men dei fleste vart nok kjende gjennom radio og illegale aviser».

Slik kunngjering er sjølvsagt ikkje god nok. Desse «anordningene» var av spesiell interesse for NS-folk, men dei fekk ingen illegale aviser og levde i eit svært isolert samfunn utan å få greie på kva regjeringa i London vedtok.

I paragraf 17 i Grunnlova – som gir heimel for provisoriske anordningar, står det klart på kva for område Kongen (regjeringa) kan gi slike anordningar. Det gjeld handel, toll, næringsvegar og politi, men dei må ikkje strid mot konstitusjonen og dei lovene som er gitt. Endring av straffelova er ikkje nemnd. Da blir spørsmålet om regjeringa handla ut frå nødrett.

Konstitusjonell nødrett

Her kjem den såkalla Elverumsfullmakt inn i bildet. Dette er eit så kontroversielt emne at eg lar to ulike ekspertar få legge fram sitt syn. I boka «9. april 1940» skriv professor Olav Riste m.a.

– Dei rettslærde synest no å vere same om at «Elverumsfullmakt» vel ikkje ligg føre i formelt og bindande form. (Riste er historikar).

I eit brev til justiskomiteen i

Stortinget skriv professor dr. jr. Jon Skeie.

– Den meget omtalte Elverumsfullmakt kan ikke anføres som lovgivningsgrunnlag. Heller ikke kan det bli tale om konstitusjonell nødrett.

Rettargangen

Forseth gjer greitt og rett greie for dei endringane med domstolane og rettargangen som var nødvendige for at domstolane i det heile skulle makte å gjennomføre landssvikoppjøret (om lag 100.000 saker). Desse endringane reduserte dei rettane som dei tiltalte elles hadde, særleg retten til å prøve saka si for ein høgare domstol. Det vil føre for langt å komme inn på alle desse endringane. Forseth refererer dei, men vurderer dei ikkje kritisk, og det blir dessverre for lettveint.

Professor Skeie har derimot vurdert landssvikanordninga, endringane med domstolane og rettargangsordninga under landssvikoppjøret, og han konkluderer med denne drepande kritikken: – Vi har aldri i vår historie hatt en sådan rettshet. (Jon Skeie: Landssvik, annet opplag, side 18. Olaf Norli – Oslo 1945).

Denne boka burde vere obligatorisk lesnad i alle skolar etter ungdomsskolen, vidaregåande skolar, høyskolar og for alle som vil uttale seg om landssvikoppjøret. I det rike kjeldematerialet som Forseth opererer med, kan eg ikkje finne dette sentrale verket.

For ikkje å gjere professor Skeie urett, og for ikkje å bli skulda for det same som eg skulda Forseth for, finn eg det rett å

sitere frå boka til Skeie, side 48:

– Det er ikke min mening at vi skal la nåde gå for rett i oppgjøret etter den største ulykke i vårt folks historie. Men vi skal bygge på sikker rettsgrunn, ikke på ansvarsbestemmelser som er ugyldige eller i beste fall meget omvistelige. Og vi bør tenke på sannheten i det gamle norske ordtaket: «Den som vil hemne all sin harm, han gjere seg vesall og arm». Gjennomfører vi påbud om straff, konfiskasjon og erstatning, kan man komme til å gjøre hele folket både vesalt (ulykkelig) og arm.

Jeg tar, som sagt, ikke ordet for landssvikere, men for et rettsferdig oppgjør på sikkert rettsgrunnlag. For å utelukke enhver mistydning, får jeg likevel lov til å opplyse: Jeg har ingen pårørende, slektninger eller venner som har vært medlem av Nasjonal Samling eller på annen måte har utsatt seg for landssvikanklag.

Personvernet

I omtalen av Årbok for Gudbrandsdalen 1995 skriv Ola Mathisen m.a.: – Det er 50 år sidan frigjeringa, men Årboka fylgjer likevel ei varsam line med omsyn til personvernet.

Denne karakteristikken er eg usamid i. Det er rett at Forseth ikkje nemner mange namn, berre ein NS-ordførar til dømes, men ein NS-medlem – som i mange år har kvilt i si grav – presenterer han med stort bilde og med fyldig omtale av hans forhold under okkupasjonen. I realiteten nemner Forseth mange utan å nemne namn. Når han t.d. skriv om ordføraren i Gausdal, bygdene, eller ordføraren i Dov-

Har NS-folk også krav på personvern?

■ Hvilket personvern har en straffedømt



NS-medlem krav på? Tidligere rektor ved Vinstra Videregående Skole, Johs. Myhren, tar opp dette spørsmålet i en kronikk i dagens avis. Bakgrunnen for spørsmålet er en artikkel Iver Forseth har om landssvikoppjøret i nyeste «Årbok for Gudbrandsdalen».

re, veit sjølvsagt alle i desse bygdene kven han skriv om.

På same måten skildrar han forholda til fleire lensmenn, men utan å nemne namn. Det er tilfellet med lensmennene i Østre Gausdal, Sør-Fron, Vågå, Lesja og Dovre, Jo, Forseth får nok sagt det han vil, utan å seie det. Men dette er vel ikkje personvern.

Det er vel elles god moral i rettsaker, at når ein straffedømt har gjort opp for seg og sona si straff, er dette fortd. Forholdet blir ikkje trekt fram att i aviser og andre publikasjonar. Men dette ser ikkje ut til å gjelde NS-folk. At ein så seriøs publikasjon som Årbok for Gudbrandsdalen, skulle falle for denne freistinga, hadde eg ikkje gjort rekning med.

Redaktøransvar

I ein artikkel som inneheld så mange personlege opplysningar, er det all grunn til å spørje: Når Årboka plutselig har fått to redaktørar, men så vidt eg kan forstå ingen sjefredaktør, betyr vel det at ansvaret er delt likt mellom redaktørane. Mot denne bakgrunnen er eg overraska over at ingen av dei (pluss Per Åsmundstad som medlem av skriftstyret) har vist evne og vilje til ei meir kritisk vurdering av landssvikoppjøret. Hadde artikkelen berre vore ei oppsummering, som overskrifta tyder på, kunne eg ha forstått det. Men når artikkelen i stor grad dreg inn det rettslege grunnlaget for oppjøret, da får artikkelen eit overflatisk preg.

Johs. Myhren